

109 <sup>1</sup> Tone: Hjemme er det dog allerbest

No kjære bror min kva synes du. Um aa leva  
Du ser at kvarhelst ein skal seg snu, Maa ein stræva.  
Aa kor ein strævar aa stellar seg.  
So vil ein reka da ber den veg. Lukka svæva.

Men er da berrre aaleina eg. So gjeng klaga  
Nei millionar er like meg. Hev si plaga  
Fraa allerfyrsta so er her sagt  
At strev aa møda er livets dragt. Alle daga.

Aa alle finna at da er sandt. So stend skreve  
Da er so *tunggjengd* at folk iblandt, Illa leve.  
Da er so mangt so kan koma paa.  
So *treigst* ein kan ingjen utveg sjaa. I alt stræve

Da er so rart med dei folk so er. Van aa spara  
Dei kunne faa baate mataa klær. Til aa vara  
Men mange dei da gjeng ymist med.  
So kor dei bala det gjenge ned. Illa fara

Dei gamle feder sei smaae *bodne*. Treng um føda  
Men tenk vorherra hev mykje *kodn*. I si løda  
Vel sjaa me da han gjev mange liv  
Men naar han talar sitt sterka «bliv» Vert da grøda.

Da er so rart med dei ting me faa *Jamleg* røyna  
So mang ei mor med so lite raa Aa kan gjøyma.  
Guds signig den er so rik aa stor.  
So inkje menneskje her paa jord. Daa kan *øyna*

Her er kje anna enn trav aa trakk. Kvar ein færast  
Ein lyt ga bala ein er kje *frakk*. Alt ska gjerast.  
Aa veksa til gjere alle krav  
So heile livet gjeng upp i kav. For aa *nærast*.

Du veit her er no slik *tot* aa sjau. Aa *grassering*  
Kor vel ein gjere so faar ein *nau* Av *blavering*  
For folkesinne er mange slags  
Ein kan kje gjera einkvar tillags. *Røyn probering*

So mangt i verdi er tull aa skral. Aa *maafaaing*  
So jamt ein raaka paa feil aa fall. Aa *forsjaaing*.  
Brest aa *sprongor* aa stygge *veil*  
Aa store menner med grove feil Aa *forraaing*.

So difor vert det so smaatt um da. So gjev *trevna*.  
Da var kje skam um da betre va med vor *levna*  
Um lukka veksla de bere bra.  
Ein hausta lærdom me trengja da For vor *gjemna*